

Utviklingsplan Sogn og Fjordane Kunstmuseum

Fylkesrådmannen rår hovudutval for kultur til å gje slik tilråding:

Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

- 1 Utviklingsplan for Sogn og Fjordane Kunstmuseum vert teken til orientering.
- 2 Sogn og Fjordane fylkeskommune vil bidra til å realisere dei ambisjonane som kjem til uttrykk i planen. Realiseringa føreset tett og godt samarbeid mellom museet, kommunane, fylkeskommunen og staten, i tillegg til private aktørar.
- 3 Sogn og Fjordane fylkeskommune vil bidra til å realisere dei skisserte enkelttiltaka i tråd med prioriteringar i budsjettet, og etter kvart som tiltaka er sikra fullfinansiering.

Prenta vedlegg:

1 Utviklingsplan 2007 –2014 for Sogn og Fjordane Kunstmuseum

Uprenta vedlegg:

Saksframstilling

1. BAKGRUNN

Bakgrunn for at saka er reist

I samband med handsaming av budsjett 2006/økonomiplan 2006-2009 vatr det m.a. gjort følgjande vedtak:

”Løyving til Indre Sogn Kunstsenter blir å komme tilbake til i samband med utviklingsplanen for Sogn og Fjordane Kunstmuseum som skal handsamast av Fylkestinget i april 2006.”

I brev av 02.03.06 til fylkesordføraren, referert i Fylkesutvalet 22.03.06, ber styret for museet om utsetjing av handsaming av planen då dei ønskjer å bruke meir tid på å drøfte planen med organisasjonane og kommunane bak stiftinga.

Sogn og Fjordane Kunstmuseum har no lagt fram utvikingsplan for museet for perioden 2007-2014 (vedlegg 1).

Historikk - tidlegare vedtak

Sogn og Fjordane Kunstmuseum vart etablert 01.01.2001 og var då ei vidareføring av tidlegare Fylkesgalleriet i Sogn og Fjordane som vart etablert i 1987. Den fylkeskommunale institusjonen vart omdanna til stifting med verknad frå 01.01.2004. Som stiftarar står Hornindal kommune, Lærdal kommune, Jølster kommune, Førde kommune, Sogn og Fjordane fylkeskommune, Biletkunstarane i Sogn og Fjordane og Norske Kunsthandverkarar Vest.

Museet er eit konsolidert museum, jf. St.meld.nr 22 (1999-2000) på driftssida, medan eigarskapen til bygg og samlingar i hovudsak framleis ligg til stiftarane. I konsolideringsavtalen er det lagt opp til reforhandling av denne i 2008.

Problemanalyse

Etter at Sogn og Fjordane Kunstmuseum vart etablert som stifting, og konsolideringsavtaler vart inngått, har det komme opp behov for bygningsmessige investeringar, ikkje minst for å sikre tilfredsstillande lokale både med tanke på den aktive kunstformidlinga, men også for å sikre forsvarlege magasin-/oppbevaringstilhøve for kunsten. Magasinsituasjonen, kapasitet og klimatiske tilhøve for Sogn og Fjordane Kunstmuseum, inkludert dei konsoliderte einingane, er i dag dårleg.

Det er inngått intensjonsavtale mellom Sogn og Fjordane Fylkeskommune, Førde kommune og Futurum AS om nybygg for Sogn og Fjordane Kunstmuseum på "meieritomta" i Førde (jf. FU-sak 87/04). Gjennomført arkitektkonkurranse i 2006 resulterte i at firma C.F. Møller Norge AS vann med forslaget "Motto M".

Lærdal kommune har, i samarbeid med Sogn og Fjordane Kunstmuseum og Astrup Fearnely Museet for Moderne Kunst utarbeidd planer for eit nytt Indre Sogn Kunstsenter i Lærdal. Arkitektkonkurranse vert gjennomført hausten 2006.

Jølster kommune, i samarbeid med Sogn og Fjordane Kunstmuseum har utarbeidd planer for utbyggingar ved Astruptunet. Det er gjennomført arkitektkonkurranse der firma LY Arkitekter AS vann med utkastet "Jordnær".

For Eikaasgalleriet er det skissert behov for fornying og modernisering av driftsutstyr innan museet sine årlege budsjetttrammer. For Astrup Svor Museum er det lagt opp til å få utarbeidd ein plan for bygningsmessige tilpassingar og modernisering av utstillingane fram mot 2014.

Såvel fylkeskommunen som staten er utfordra på å bidra økonomisk ved desse byggeplanane. Utviklingsplanen har elles bygg og anlegg som eit av fem utviklingsområde.

Sjølv om Sogn og Fjordane Kunstmuseum ikkje er inne på eigarsida når det gjeld bygningsmassen, vil utbyggingane ha innverknad på driftssida. Desse konsekvensane er så langt ikkje fullt ut utgreidde.

Spørsmålet om utviklingsplan for Sogn og Fjordane Kunstmuseum kom m.a. opp i samband med drøftingar i 2005 omkring korleis fylkeskommunen skal forhalde seg til dei ulike initiativa.

Fylkestinget hadde då allereie sagt ja til nybygg i Førde, og dette tiltaket var prioritert som nr 2 for statleg finansiering. Så langt er dette prosjektet i Førde til 55 mill kroner fullfinansiert gjennom at fylkeskommunen og Førde kommune har sett av midlar i 2007 og 2008, og ved at staten har gitt tilsegn om løyving i 2008 og 2009. Planarbeidet går vidare i tråd med delegert mynde.

Når det gjeld Indre Sogn Kunstsenter og besøkssenteret på Astruptunet, er desse pr dato ikkje fullfinansiert. Dei respektive kommunane har lagt inn sin del av planlagt finansiering. Fylkeskommunen har reservert 2 mill kroner til Indre Sogn Kunstsenter i 2007 og 2008, og 7 mill kroner til besøkssenteret på Astruptunet i 2009 og 2010 (jf. forslag til budsjett 2007 økonomiplan 2007-2010). Det står att å skaffe dei omsøkte statlege midlane, og den private delen som det er lagt opp til i finansieringsplanane.

2. VURDERING OG KONSEKVEN SAR

Sogn og Fjordane har ein rik kunstska tt å ta vare på. Vi har fostra viktige kunstnarar i nasjonal og etter kvart også internasjon al samanheng. Det er viktig at fylket maktar å ta vare på og løfte fram både den kunstnarlege arven vi forvaltar, og også gi stort rom for samtidskunsten i alle variantar.

Fylkesrådmannen vil peike på at musea, også Sogn og Fjordane Kunstmuseum har ei viktig rolle å spele i det å formidle kunnskap, opplevingar og haldingar til barn og unge, både gjennom Den Kulturelle Skulesekken, og elles i mange andre samanhengar. Musea er også sentrale møteplassar for lokal og regional aktivitet, og dei spelar ei viktig rolle i utviklinga av gode reiselivsopplevingar.

Alle musea utarbeider gode plandokument for sin aktivitet, og det vert lagt ned stort arbeid i dette, og i den årlege rapporteringa.

Vedlagte utviklingsplan for Sogn og Fjordane Kunstmuseum er inndelt i fire hovudområde:

- 1 Innleiing (mål, plangrunnlag og visjon)
- 2 Status (formidling, samling, bygg og anlegg, organisasjon og økonomi)
- 3 Utviklingsområde (formidling, samling, bygg og anlegg, organisasjon og økonomi)
- 4 Program (formidling, samling, bygg og anlegg, organisasjon og økonomi)

Planen byggjer på følgjande dokument:

- Stiftinga Sogn og Fjordane Kunstmuseum, Skisse til organisasjon, administrasjon og drift, Førde januar 2003.
- Konsolideringsavtaler med forarbeid.
- Stiftingsprotokoll med vedtekter for Stiftinga Sogn og Fjordane Kunstmuseum.
- Årsmelding 2005
- Sogn og Fjordane Kunstmuseum – Organisasjonsplan 2006
- Budsjettsøknad til Kultur- og kyrkjedepartementet 2007
- Desentralisert kunstformidling i Sogn og Fjordane, notat 17.08.05.
- Museumsplan for Sogn og Fjordane 2006 – 2010.
- Handlingsplan for landsdekkjande formidling, Nasjonalmuseet 2005

Det er verdt å merkje seg at det konsoliderte Sogn og Fjordane Kunstmuseum også har eit definert ansvar for det som tidlegare var den kunstnarstyrte formidlinga, og gjennom dette dei kunstnarane som bur og arbeider i fylket, og samtidskunsten. Dette gjer at Sogn og Fjordane Kunstmuseum har eit breiare ansvarsområde enn det eit tradisjonelt kunstmuseum vil ha.

Økonomi-/budsjettkonsekvensar

Det er ambisiøse planer innan kunstformidlinga i fylket. Etter fylkesrådmannen si vurdering vil dei ulike satsingane kvar på sitt vis vere verdifulle bidrag til å realisere dei måla som kjem til uttrykk i utviklingsplanen for Sogn og Fjordane Kunstmuseum, jf. m.a. kap 3 og 4 i planen.

Sogn og Fjordane Kunstmuseum har i dag, som dei andre musea i fylket, ei delt finansiering mellom kommunane, fylkeskommunen og staten. Til forskjell frå dei andre musea i fylket har Sogn og Fjordane Kunstmuseum ei relativt liten del statleg finansiering. Sjølv om dette museet var prioritert på topp frå fylkeskommunen si side for auke i det statlege tilskotet for

2007, vart den reelle auke berre på 0,2 mill kroner, øyremærka til innkjøp av samtidskunst. Arbeidet for å auke staten sitt tilskot til Sogn og Fjordane Kunstmuseum må difor halde fram. Det er viktig å peike på at dei rammene kunstmuseet har å jobbe innanfor på driftssida vil vere med på å avgjere kor vellukka dei ulike bygningsmessige satsingane vil bli.

Det kan vere ein svakheit ved utviklingsplanen at den ikkje drøftar dei økonomiske konsekvensane ved dei ulike tiltak, m.a. kva utfordringar dei bygningsmessige investeringane har å bety for driftssituasjonen for Sogn og Fjordane Kunstmuseum. Fylkesrådmannen føreset at det vert arbeidd med å få avklart dei driftsmessige konsekvensane ved nybygga, og at desse seinast vert lagt fram i samband med at dei enkelte bygningsmessige tiltaka vert vidareutvikla for realisering.

Fylkesrådmannen viser til at det er lagt inn fylkeskommunale midlar til bygningsmessige tiltak i planen (nybygg i Førde, Indre Sogn Kunstsenter i Lærdal, besøkssenter på Astruptnet) i budsjett 2007/økonomiplan 2007-2010. Fylkeskommunen vil slik bidra til å løyse dei bygningsmessige utfordringane som er omtalt i planen, og som er fremja av eigarane. Fylkesrådmannen ser det også som naturleg at dei investeringane som vert realisert, og får følgjer for Sogn og Fjordane Kunstmuseum si drift, vert følgt opp økonomisk frå så vel fylkeskommunen som kommune si side. Dei årlege budsjettprosessane avgjer nivå på driftstilskotet frå fylkeskommunen. Fylkesrådmannen føreset også aktivt arbeid overfor staten med tanke på auke i statleg tilskot til museet.

Utviklingsplan for Sogn og Fjordane er i tråd med føringane i Museumsplanen for Sogn og Fjordane, og nasjonal museumspolitikkk slik denne m.a. kjem til uttrykk i St.meld.nr. 22 (1999-2000) Kjelder til kunnskap og oppleving (ABM-meldinga) og St.meld.nr. 48 (2002-2003) Kulturpolitikk fram mot 2014.

3. KONKLUSJON/TILRÅDING

Fylkesrådmannen viser til det som er sagt over, og rår til at framlagt utviklingsplan for Sogn og Fjordane Kunstmuseum vert teken til orientering. Sogn og Fjordane fylkeskommune vil bidra til å realisere dei ambisjonane som kjem til uttrykk i planen, noko som føreset tett og godt samarbeid mellom museet, kommunane, fylkeskommunen og staten, i tillegg til private aktørar.

Sogn og Fjordane fylkeskommune vil vidare bidra til å realisere dei skisserte enkelttiltaka i tråd med prioriteringar i budsjettet, og etter kvart som tiltaka er sikra fullfinansiering.